



KOPI

Alver kommune - Dokumentsenter  
plan og byggesak

Referanser:  
Dykkar: Larissa Dahl  
Vår: 21/10445 - 22/9874

Saksbehandlar:  
Laila Bjørge  
laila.bjorge@alver.kommune.no

Dato:  
02.02.2022

## Høyrings sak kulturminne: Søknad om bakkeplanering/jordtipp gbnr 99/4

Alver kommune har motteke søknad 21.12. 21 om løyve til nydyrking/planering om mottak av jordmassar på gbnr 99/4. Det er og søkt om vesentleg terrenginngrep etter plan- og bygingslova. **Søknaden vert oversendt Vestland fylkeskommune for å avklara om tiltaket kan koma i konflikt med kulturminnelova.**

Det meste av arealet har tidlegare vore innmarksbeite, og dei to felta er tilsaman om lag 7 daa. Bruket er ikkje i drift i dag, men planlegg nytt våningshus/driftsbygning og oppstart av sauedrift.

Arealet skal fulldyrkast til lettbrukt fulldyrka jord gjennom terrengtilpassning, bortsprenging av ujamnheiter, planering og drening samt tilførsel av tilkjørte jordmassar. I praksis vil det vera naudsynt å fylla på minimum 1- 1,5 meter jord visst det er mineraljord og 2-3 meter om det er myrjord avhengig av synking. Grovt rekna må det tilførast ein stad mellom 15 -20 000 m3. Det er ikkje oppgitt kor massane skal komma frå anna enn at dei skal koma frå nærområde.



Figur 1 situasjonskart planlagt jordtipp/planeringfelt



Figur 2 oversiktskart.



Figur 3 Flybilde av området

På flybilde viser det eit større terrenginngrep som allereie er utført, denne saka er til behandling på avdeling for Miljø og tilsyn.

Frist for uttale vert sett til 02.03.2022

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Landbruk

Laila Bjørge  
Avdelingsleiar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Alver kommune - Dokumentsenter  
Fanagro AS

Brugata 6

5200 Os

**Mottakarar:**

Vestland fylkeskommune

Postboks 7900

5020 Bergen